



ÅRSMELDING NATURVERNFORBUNDET I KINN 2024

Fullføre og rapportere plastprosjektet:

Vi har framleis midlar att til plastryddeprosjektet. Vi har ikkje arrangert eigen ryddeaksjon, men som dei siste 2 åra, har Naturvernforbundet i Kinn (NNV) saman med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NNV SF) og Fjordane Friluftsråd invitert deltakarar frå Kinn utdannings- og ressurscenter KURS KF) med på plastryddeaksjon. Det vart gjennomført to turar, måndag 7. og tysdag 8. oktober. Det var med ca. 30 deltakarar frå KURS KF kvar dag, tilsaman 60 begge dagar. Diverre hadde ingen frå lokallaget i Kinn moglegheit til å sjølv delta, men fekk tilbakemelding om at turane var vellukka.

Fullføre framand artar- prosjektet:

Det er gjort eit forsøk med å brenne tørka parkslirekne. Det funka greit. Framleis er det ei utfordring med å få tørka biomasse/ved og tid og kapasitet til å brenne.

Har fått opretta kontakt med den nye landbruksrådgjevaren Ulla Henriette Thoresen, vi har i samarbeid sendt ut informasjon til bøndene i kommunen angående testing av biokull som fortilskudd/medisin til dyr som sau, gris, ku og fjørfe.



Har fått kontakt med forskarar i Norsk Institutt for Bioøkonomi for å lære meir om effekten av biokol på jordhelse, pH og kalkingseffekt. Ønsker å starte eit lite prosjekt med andelslandbruk ved Nybømarka, der ein kan teste ut bruk av biokol for å bekjempe knappsiv og lyssiv, har idear og forsøker å samle litt folk.

Klesbyttedag

NNV i Kinn arrangerte klesbyttedag saman med U40, laurdag 19.10.24. Dagen før var det mottak av klede i foajeen på Kulturhuset. U40 tok seg av markedsføring i sosiale media og i Firdaposten. NNV tok ansvar for praktisk tilrettelegging som bestilling av lokale, skaffe bord, kleshengarar og stativ til opphenging av klede. Tips til neste gang er å ta kontakt med Nortekstil og lage avtale om lån av stativ, kleshengarar og transport til og fra. Vi fikk inn masse klede og sjølv byttedagen var godt besøkt. Det var noko kleda att, desse fekk asylmottaket.



Foto: U40

Miljøpolitisk arbeid, media og relaterte aktivitetar:



Foto: Svend Arne Vee

- 28.01.24 Folkemøte om næringsutvikling og berekraft, i regi Firdaposten
<https://www.firdaposten.no/folkemote-om-naringsutvikling-og-berekraft-i-floro-folg-det-direkte-hos-firdaposten/s/5-16-877723>
- 22.03.24: Fråsegn til PlanID 20220102 detaljregulering Måsholmen Kinn kommune, som Forum for Natur og friluftsliv sendte inn: <https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2024/04/Frasegn-FNF-Masholmen-Kinn-PlanID20220102.pdf>
- 16.05.24: NNV i Kinn har sendt e- post til postmottak i Kinn kommune og Statsforvaltaren, og bedt om ei lovlegkontroll av alle byggjeprojekt og utvidingar som har funne stad i Gunildvågen- området dei siste 20 åra, og då særleg dei fem siste åra, pga. eksterne aktørar utanfor lokallaget har bede om hjelp til å få oversikt over kva som er bygt og omsøkt på industriområdet dei seinare åra. Løpande oppfølging av saka, både gjennom kontakt med kommune, Statsforvalter og eksterne aktørar. Oppslag i media:
<https://www.firdaposten.no/naturvernforbundet-vil-ha-vurdering-av-om-alt-som-er-fylt-ut-ved-trolleskjaret-er-lovleg-utfort/s/5-16-802988> og
<https://www.firdaposten.no/naturvernforbundet-vi-hapar-sjølvsagt-alt-er-pa-stell/s/5-16-803501>

- 21.05.24: NNV i Kinn i samarbeid med Florø Bulystforening arrangerte protestaksjon på Torget i Florø sentrum, mot nedbygging av skjergarden og naturen rundt Florø: <https://www.firdaposten.no/eg-trur-politikarane-vare-kjenner-pa-preset-no/s/5-16-802102>
- 05.09.24: NNV deltok på møte saman med Florø Bulystforening, på møte med Kinn kommunen (Øklandsbygget) for spørsmål og avklaringar kring samfunnsdelen av kommuneplanen.
- 06.09.24: NNV i Kinn påklaga vedtak der det blir gjeve dispensasjon for plankrav , knnta til "Vedtak - gbnr 28/1028 - Trolleskjæret- mellombels dispensasjon og rammeløyve - utfylling i sjø". Oppslag i media: <https://www.firdaposten.no/naturvernforbundet-vi-hapar-sjolvsagt-alt-er-pa-stell/s/5-16-803501> / <https://www.firdaposten.no/etter-5-manader-vil-kommunen-framleis-ikkje-svare-pa-om-det-blir-tilsynssak-i-gunhildvagen/s/5-16-847502>
- 11.09.24: NNV i Kinn deltok på folkemøte om samfunnsdelen av kommuneplanen, i regi Kinn kommune, på Florø Kulturhus.
- 29.09.24: Lesarinnlegg NNV i Kinn og Florø Bulystforening: No er tolegrensa nådd: <https://www.firdaposten.no/folkemote-om-naringsutvikling-og-berekraft-i-floro-folg-det-direkte-hos-firdaposten/s/5-16-877723>
- 30.09.24: NNV i Kinn og Florø Bulystforening: Høyringsinnspel til Kinn kommune, Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi, <https://kinn.kommune.no/f/i16fea2b0-e6ca-4996-9b18-2884e53aea69/hoyringsinnspel-samfunnsdelen-til-kommuneplanen-2024-2036-floro-bulystforening-og-naturvernforbundet-l838766.pdf>
- 03.10.24: Samarbeid med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og vertskap for førpremiere av naturfilmen «Skal helse frå naturen», på Florø Kulturhus, med regissørbesøk og samtale med filmskaparen Asgeir Helgestad samt Agiliki (medskapar av naturfilmen), Yrja Skjæran (arkeolog som har arbeidd aktivt med vern av landskapet kring Vingenfeltet), Lasse Huldt Pedersen frå Naturvernforbundet i Kinn og Doris Christensen (leiar av Kinn AP og i Kinn kommunestyre): <https://www.facebook.com/events/1565512657375459>
- 20.10.24: Seglas med Loyal: Naturvernforbundet i Kinn og Florø Bulyst arrangerte seglas med Loyal rundt Rota, forbi basen, Grønenga og Terøya, laurdag 28.september kl 1300-1530. Alle innbyggjarar i Florø og alle politiske parti var invitert med. Tre politikarar deltok, to frå Venstre, en frå SV. Det var 70 deltakarar med på turen inkl. mannskal og fleire var på venteliste. Mål med turen var å synleggjere naturens eigen verdi og auke kompetanse om naturmangfaldet på øyane rundt, og skape synlegheit kring "bit for bit" nedbygging av skjergården i Florø og negative konsekvensar av dette: <https://fb.me/e/2DUr1uuw0>

Møteaktivitet: Gjennom året har NNV i Kinn v/leiar, vore med på 1-3 møter kvar månad (i hovudsak digitalt, men også fleire fysiske møter), med dei ulike

organisasjonane: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd, Florø Bulystforening og Forum for Natur og friluftsliv i samband med dei ulike aktivitetane planlagd og gjennomført i 2024. Ingen opne møter for medlemmar, anna enn invitasjonar til dei ulike arrangement.

Støy i havet: Kjetil Høidal tar lydopptak av lyd i sjøen, m.a. ved sprenging under sjø. Kompetansedeling med NNV i Kinn.

Verving av medlemmer:

- 21.03.24 – Stand for medlemsverving i samband med filmframsyning av «Øyeblikk», prisvinnande kortfilm som viser natur og dyreliv i Florø, Solund og Elverum, og er produsert av det Florøbaserte produksjonsselskapet Farfars.
- 03.10.24 - Stand i samband med førpremiere av filmen «Skal helse frå naturen»
- 20.10.24 – Synleggjering av NNV og invitasjon til medlemsskap med plakatar på seglasen med Loyal.

Organisatorisk

Årsmøtet i 2024 vart avholdt på Horne Brygge, tysdag 12. mars. Det ordinære årsmøtet vart gjennomført med handsaming av m.a. årsmelding, rekneskap og val. Det var 6 medlemmer til stades på årsmøtet.

Styret har avholdt 2 digitale styremøte i 2024. I tillegg har styret hatt jamnleg dialog gjennom messenger, per telefon og e- post om aktuelle saker.

Styret har bestått av:

Leiar: Siri L. Stavang (98031949) (siristavang@gmail.com) – på val
Styremedlem: Kjersti Grinde (95445726) (kjersti.grinde@gmail.com) – på val
Styremedlem: Lasse H. Pedersen (48194662) – ikkje på val
Varamedlem: Audhild Teigen (48167804) – ikkje på val
Kasserer: Bjarne Melvær Berge (91714818) (bjarnemb@gmail.com) – på val
Valnemd: Jon Anders Stavang og Bjarne M. Berge – på val

Medlemmer

Naturvernforbundet i Kinn hadde pr 31.12.2024 totalt 139 medlemmer (ein auke på 35 medlemmer i forhold til medlemstal frå 31.12.2023)

Økonomi

Den 31.12.2024 var egenkapitalen på kroner kr. 96.351.57.